

Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Mandag 23. september 2019, kl 12.15-16.00

Sted: Campus Kronstad (inndalsveien 28), rom B514

Deltakarar:

Randi Skår (dekan), Hilde Kristin Tveit (seniorrådgivar), Britt Moene Kuven (førstelektor), Kjetil Grimstad Lundberg (førstemanuensis), Ole Tormod Kleiven (førstemanuensis), Maria Nordheim Alme (førstemanuensis), Astrid Toft (dagleg leiar i KS Hordaland), Olav Klausen (administrerende direktør i Helse Fonna), Olivia Aarheim Hjertø (student), Johannes Menzel Knudsen (student, vara for Fredrik Sørensen) og Therese Bøyum (sekretær).

Gjester:

Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) (sak 2/19), Felipe Escanilla Panza (HR-rådgivar) (sak 3/19), Trude Engebretsen (administrasjonssjef) (sak 3/19 og sak 4/19), Anne Charlotte Skahjem (rådgivar) (sak 5/19), Kristin Senneset (studieadministrativ leiar) (sak 5/19) og Alice Kvåle (prodekan forskning) (orienteringssak).

Forfall:

Sissel Brusegård (fagleiar, Sogn og Fjordane fylkeskommune), Fredrik Sørensen (student).

Merk: gjestar vil få beskjed om kva tid dei skal møte opp/kople seg på møte

Tid til pausar dersom tidsplanen blir følgt: 25 min

| Sak | Saks-type ¹ | Dokument/saksframlegg | Kva skal skje i møtet? | Ca tid | Ansvar for oppfølging |
|--|------------------------|--|---|--------|--|
| Oppstart av møtet, med lunsj og kaffi/te | O | | <ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang av fakultetsrådets mandat v/dekan Presentasjon av møtedeltakarar | 30 min | |
| Informasjon | O | <p>Sjå lenke til årsplan:</p> <p>https://www.hvl.no/globalassets/vestibylene/dokument/fhs/arsplan-2019-fhs---endelig-versjon1.pdf</p> <p>Sjå lenke til strategi:</p> <p>https://www.hvl.no/globalassets/vestibylene/dokument/fhs/strategi-fhs-2019-2023-endeleg-versjon-11.pdf</p> | <p>Informasjon v/dekan:</p> <ul style="list-style-type: none"> Organisering av fakultetet Prosjekt- og utviklingsarbeid Strukturendringar i fakultetet Orientering om vedteken strategi og årsplan Gjennomgang av arbeidsform og saksform i fakultetsrådet | 30 min | |
| Sak 1/19: Møteplan | S | <p>Sjå vedlegg i e-post:</p> <p>«Sak 1. Møteplan for haust 2019 og vår 2020»</p> | <ul style="list-style-type: none"> Godkjenne møteplan for hausten 2019 og vårsemesteret 2020 | 15 min | Sekretær kallar inn til møter, i tråd med det som vart avtala. |

¹ S= Strategiske saker B= Beslutning, I=Implementering og O=orientering

| | | | | | |
|--|---|---|---|--------|---|
| <p>Sak 2/19 (løpande sak): Studieportefølje 2020-2021</p> <p>Ei foreløpig orientering, saka kjem attende i neste møte den 08.11.19.</p> | S | <p>Sjå vedlegg i e-post:</p> <p>«Sak 2. Sak om studieporteføljeutvikling til fakultetsråd»</p> <p>«Sak 2. Prosjektskisse studieporteføljeutvikling master og EVU»</p> <p>«Sak 2. Forslag om revidering av studieprogram»</p> <p>«Sak 2. Framlegg til vedtak i styret»</p> | <p>Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) orienterer om saka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ønskeleg med innspel frå fakultetsrådet, på prinsippa som er lagt til grunn for struktur, organisering og drift av master og etter- og vidareutdanningane (EVU). • Ein ønskjer også innspel på val av indikatorar frå SEFØ-modellen. | 30 min | <p>Prodekan for utdanning, Anne-Grethe Naustdal, tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med studieporteføljen for 2020-2021.</p> |
| <p>Sak 3/19 (løpande sak) :</p> <p>Personalsituasjon: kompetanseutvikling kometanseplanlegging</p> <p>Ei foreløpig orientering, saka kjem attende i neste møte den 08.11.19.</p> | S | <p>Sjå vedlegg i e-post:</p> <p>«Sak 3. Kompetansenivå på fakultetsnivå og instituttnivå»</p> | <p>Orientering v/dekan:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utlysing av interne forskings- og utviklingsstipend (ph.d., førstelektor) • Retningslinjer for tid til forskings- og utviklingsarbeid (FoU-tid) i HVL • Kartlegging av kompetanse <p>Trude Engebretsen (administrasjonssjef) og Felipe Escanilla Panza (HR-rådgivar) er med i møtet for å supplere dekan.</p> | 20 min | |

| | | | | | |
|--|---|---|---|--------|---|
| Sak 4/19 (løpande sak): Strategiske satsingar, innspel til budsjett 2020 | S | <p>Ingen vedlegg. Saka vert presentert i møtet.</p> <p>Ei foreløpig orientering. Informasjon om rekneskap for 2019 og budsjett 2020, kjem i neste møte den 08.11.19.</p> | <p>Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterer om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den økonomisk situasjonen i fakultetet • Strategiske satsingar | 20 min | |
| Sak 5/19: Samarbeidsavtaler og samarbeidsarenaer | S | <p>Sjå forskrift om felles rammeplan:</p> <p>https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-06-1353</p> <p>https://www.regjeringen.no/contentassets/f89a402a104b4a76a620a27447e448e9/rundskriv-f-04-19.pdf</p> | <p>Frå 2020 er det forskriftsfesta at vi skal ha samarbeidsavtaler med alle praksistilbydarar.</p> <p>Anne Charlotte Skahjem (rådgivar) og Kristin Senneset (studieadministrativ leiar) deltek, og snakkar om korleis vi best mogleg skal gå fram i arbeidet med samarbeidsavtalar.</p> | 35 min | <p>Studieadministrativ leiar Kristin Senneset og Anne Charlotte Skahjem tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med samarbeidsavtalene.</p> |

Referat

Oppstart av møtet og informasjon

- Møtet vart opna med lunsj, og med ein gjennomgang av fakultetsrådets mandat v/dekan, og presentasjon av møtedeltakarar.
- Dekan gjekk gjennom PowerPoint-presentasjon, som ein innføring i fakultetets organisering og pågåande prosessar.
- Det vert sendt ut nyheitsbrev til alle tilsette ved fakultet for helse- og sosialvitskap kvar 14.dag. Heretter vil dette nyheitsbrevet også bli sendt ut til medlemmer i fakultetsrådet.

Sak 1/19: Møteplan

- Vedlagt møteplan for haust 2019 og vår 2020 vart godkjent.
- Neste møtedato er fastsett til 8.november. Det vart bestemt at det skal vere eit fysisk møte, mest truleg i Bergen. Ein vart einig om at lokasjon må bli bestemt, ut frå kor majoriteten av medlemmene oppheld seg. Dei neste møta vert på Skype, i medio mars og primo juni. Heretter vert lengda på møta 3 timer.
- Saksliste, vedlegg og referat vil etter kvart bli lagt ut på nett, via opengov. Medlemmene vil få varsel om dette i e-post.

Sak 2/19: Studieportefølje 2020-2021

Anne Grethe Naustdal innleia i saka.

Innspel frå fakultetsrådet, på prinsipp for struktur, organisering og drift av master- og EVU-utdanningane ved fakultetet:

- Fakultetsrådet gav støtte til råda og uttrykk for at det var gode og dekkande prinsipp.
- Innspel til det første prinsippet, som omhandlar emnestorleik: Arbeidslivet etterspør utdanning som kan gjennomførast, samstundes som ein er i arbeid. I denne samanheng etterspør ein kortare og meir presise utdanningar, på til dømes 5 studiepoeng. Arbeidsgjevarar ser ofte behov for kompetanseheving i spesifikke avgrensa tema. Det eksisterer emne på 7,5 studiepoeng ved HVL i dag, men det er også det minste. Det vert tilrådd å

skrive om dette punktet, slik at det går klart fram at 15 studiepoengs emne er hovudregel, men at ein kan dele dette opp i emne på 7,5+ 7,5 studiepoeng, og 5 + 5 + 5 studiepoeng der dette er høveleg.

- Til det tredje prinsippet, kom det forslag om å tilføye at: det er viktig at undervisninga er på masternivå, og at foreleser oppfyller krav til fagkompetanse (inngår forøvrig også under det 10. prinsippet).
- Til det fjerde prinsippet kom det råd om at ein legg til at: fakultetet også bør vurdere erfaringsbasert master – denne mastergraden er unntaket i forskrift om eigenbetaling ved universitet og høgskolar. Ein erfaringsbasert master kan innehalde ein del av fakultetets sine eksternfinansierte EVU utdanningar.
- Det kom råd om å fjerne det sjette prinsippet, der det står at masteroppgåva må vere på minst 30 studiepoeng. Dette er dekket i forskrift.

Innspel frå fakultetsrådet, på val av indikatorar frå SEFØ-modellen:

- Fakultetsrådet gav råd om at ein må ta med fleire av indikatorane under fagleg berekraft.

Forslag om revidering av studieprogrammet *Master i samhandling innen helse- og sosialtjenester*:

Anne-Grethe Naustdal fortalte om bakgrunn for forslaget om revidering og nedlegging.

- Fakultetsrådet støttar prosessen kring nedlegging av Master i helse- og omsorgsvitskap, og endring og utviding av Master i samhandling og folkehelse jf. skissa som ligg føre.

Oppfølging

Prodekan for utdanning, Anne-Grethe Naustdal, tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med studieporteføljen for 2020-2021. Saka kjem attende for fakultetsrådet den 08.11.19.

Sak 3/19: (løpande sak) Personalsituasjon: kompetanseutvikling og kompetanseplanlegging

Dekan innleia saka, ved å orientere om status kring kompetanseutvikling i fakultetet. Dei tilsette har rett på fagleg oppdatering og forskning. Fou-tida er viktig for å bygge kompetanse, for å tilfredsstille studietilsynsforskrifta, og er særskild viktig med tanke på universitetsambisjonen.

Dekan la fram forslag om å tilby avkorta ph.d.-stipend og førstelektorstipend til høgskulelektorar. Fakultetsrådet gav si tilslutning til vidare arbeid med desse modellane. Dette vil også bli drøfta vidare, når denne saka kjem attende for fakultetsrådet den 8.november.

I arbeidet med kompetanseutvikling, er det gjort eit godt stykke arbeid, med å kartlegge kompetansen i fakultetet. Felipe Escanilla Panza (HR-rådgivar) supplerte dekan i status kring denne kartlegginga.

Oppfølging

Saka kjem attende for fakultetsrådet den 08.11.19.

Sak 4/19: Strategiske satsingar, innspel til budsjett 2020

Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterte om den økonomiske situasjonen i fakultetet, og om innspel til strategiske satsingar. Sjå vedlagt PowerPoint-presentasjon, som vart presentert i møtet.

Oppfølging

Informasjon om rekneskap for 2019 og budsjett 2020, kjem i neste møte den 08.11.19.

Sak 5/19: Samarbeidsavtaler og samarbeidsarenaer

Kristin Senneset (studieadministrativ leiar) og Anne Charlotte Skahjem (rådgivar) orienterte om status kring arbeidet med samarbeidsavtaler og samarbeidsarenaer. Det er eit stort og tidkrevjande arbeid som ligg føre, med å utvikle alle desse samarbeidsavtalane. Sjå vedlagt PowerPoint, som vart presentert i møtet.

- Det kom innspel om at HVL kan opprette direkte kontakt med leiinga i KS, i det vidare arbeidet med å utvikle samarbeidsavtaler.

Oppfølging

Kristin Senneset (studieadministrativ leiar) og Anne Charlotte Skahjem (rådgivar) tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med samarbeidsavtalene.

Ymse/faste orienteringar

Orienteringar (15 min)

Alice Kvåle (prodekan forskning) orienterte om:

- Status forskings- og utviklingsarbeid (FoU). Søknadar om eksterne midlar
- Status Ph.d.-utdanninga.

Anna/ymse

Det var ingenting på anna/ymse i dette møtet.